



GODE I HOP

HANDLINGSPLAN
2016-2020
Idretten i Sogn og Fjordane

Handlingsplan idretten i Sogn og Fjordane 2016-2020

Innhold:

1. Felles plan for idretten i Sogn og Fjordane	3
2. Gode i hop	3
3. Føremål og idé	4
4. Verdigrunnlag	4
5. Idretten i Sogn og Fjordane. Kjenneteikn.....	5
6. Prioriteringar.....	6
7. Idrett og verdier	7
8. Idrettsmål	8
8.1 Barneidrett.....	9
8.2 Ungdomsidrett.....	10
8.3 Vaksenidrett	11
8.4 Idrett for menneske med funksjonsnedsetting.....	12
8.5 Inkludering.....	12
9. Organisasjonsmål	13
9.1 Idrettslaga – idrettsråda – særkrinsane/regionane – den frivillige innsatsen.....	13
9.2 Kompetanseutvikling.....	14
10. Rammevilkår	15
10.1 Idrettsanlegg.....	15
10.2 Finansiering.....	16
10.3 Politisk påverknad.....	16
11. Idrett – samfunn – samhandling.....	17
11.1 Idretten sitt samfunnsbidrag.....	17
11.2 Samhandling med Sogn og Fj. fylkeskommune.....	18
11.3 Idrettsfaglege samhandlingspartar – Høgskulen i Sogn og Fj. og Olympiatoppen Vest.....	18
11.4 Tverridrettsleg samhandling på regional og lokalt nivå.....	19

Referansegrunnlag:

- ✓ Idrettspolitisk dokument 2015-2019 (IPD)
- ✓ Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- ✓ Rapport: Den norske toppidrettsmodellen – norsk idrett fram mot 2022 og oppfølgingsrapporten pr. 11.04.15.
- ✓ NIF spelemiddelsøknad 2016
- ✓ Årsmelding 2014-2015

HANDLINGSPLAN 2016-2020

1. Felles plan for idretten i Sogn og Fjordane

Handlingsplan 2016-2020 er nedfelt med utgangspunkt i programerklæring, idrettspolitiske føringar og mål i **Idrettspolitisk dokument 2015-2019 (IPD)**.

IPD er ein felles plan og skal vere styrande for heile norsk idrett.

IPD definerer eit felles planverk og planhierarki med strategisk plan, felles utviklingsplanar for særforbund og idrettskrinsar, og handlingsplanar på krinsnivå.

Denne felles handlingsplanen for idrettsorganisasjonane i Sogn og Fjordane legg retninga og mål på fellesidrettslege innsatsområde i organisasjonsledda sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for medlemmane.

Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket.

Saman skal vi gjere vårt beste for å skape trygge oppvekstmiljø og vennskap, yte aktivitetstilbod etter ønskje frå medlemmane og spreie idrettsglede.


I framlegget til Handlingsplan 2016-2020 har idrettskrinsstyret lagt opp til at idretten i Sogn og Fjordane set særleg fokus på ungdomsidretten, flest mogleg – lengst mogleg, ein verdibasert idrett og god samhandling på tvers av organisasjonsledda.

2. Gode i hop

Visjonen «**Gode i hop**» skal prege både organisasjonsarbeidet og aktivitetspolitikken.

Den skal gi retning for fellesskap og inkludering, å arbeide saman om felles mål og å tilby kunnskaps- og verdibaserte aktivitetstilbod til medlemmane.

Alle skal ha høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og behov der idrettsglede er den viktigaste drivkrafta. Gleda ved å meistre er den viktigaste verdien for alle.



«Ingen blir best åleine
– alle blir betre
saman»

3. Føremål og idé



Idrettsorganisasjonane skal:

- vere ein viktig samfunnsaktør og verdiskapar i Sogn og Fjordane.
- arbeide for å fremje trivsel og helse, vere allsidig og inkluderande, og gi rom for idrettsleg utvikling i tråd med egne ambisjonar.
- ta vare på og styrke den frivillige innsatsen på alle nivå i idrettsarbeidet.
- legge til rette for god idrettsleg aktivitet både for topp og breidde.

4. Verdigrunnlag

Idretten i Sogn og Fjordane skal arbeide for at alle menneske får høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og behov, og utan å bli diskriminert på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn. Vi skal vere ein positiv verdiskapar for individ og samfunn og dermed styrke vår posisjon som folkerørslø og drivkraft i samfunnet.

Organisasjonsverdiar

Organisasjonen sitt arbeid skal vere prega av *frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd*.

Aktivitetsverdiar

All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som *idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom*.



Foto: Stig Roger Eide

5. Idretten i Sogn og Fjordane. Kjenneteikn.

<p>Vi er mange og om lag 40 % av innbyggerane er medlemmar i idrettslaga.</p>
<p>Vi er stolte over den store frivillige innsatsen i idrettslaga og dei mange eldsjelene som dagleg legg til rette aktivitet eller byggjer idrettsanlegg.</p>
<p>Vi har stor breidde og aktiviserer om lag 24500 barn og ungdom, men med ein nedgåande tendens i aktivitetstal for ungdom 13-19 år.</p>
<p>Vi har mange gode utviklings- og prestasjonsmiljø i fylket som arbeider med kontinuitet og kvalitet.</p>
<p>Vi har toppidrettsutøvarar som hevdar seg på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.</p>
<p>Vi har fleire særiddrettar og lokale idrettsmiljø med høg kompetanse på store, landsomfattande arrangement.</p>
<p>Vi har god dugnadsånd, men må arbeide aktivt for ta vare på og rekruttere fleire frivillige, og legge godt til rette for ha å attraktive idrettsmiljø som motiverer for styreverv i lag og idrettsråd.</p>
<p>Vi må ha større fokus på tverridrettsleg samarbeid i idrettsorganisasjonane, og legge meir til rette for felles utnytting av lokale ressursar t.d. gjennom felles basistrening for barn og ungdom.</p>
<p>Vi har for dårlege økonomiske rammevilkår for idretten på fylkesnivå og i høve idrettslaga sine kostnader m.a. med bruk av offentlege idrettsanlegg.</p>
<p>Vi må ha fokus på rekruttering og utdanning av trenarar, leiarar og anna støttepersonell, og arbeide systematisk over tid for å bygge opp fleire gode utviklingsmiljø.</p>

Handlingsdelen i planen er bygd opp med innsatsområde, no-situasjon, mål og delmål. Alle mål/delmål skal arbeidast med. Delmål i **skraverte felt** skal **prioriterast i perioden 2016-2018**.

Handlingsplan 2016-2020 blir rullert hausten **2017** (før idrettskrinstinget i 2018).


6. Prioriteringar

– saman skal vi dei neste to åra særleg arbeide for:

- Ein kunnskaps- og verdibasert idrett som speglar mangfaldet i samfunnet.
- Eit idrettstilbod som femnar ungdom sine ønskjer.
- Engasjere fleire kvinner og unge i trenar- og leiarrollar.
- Sterke utviklings- og kompetansmiljø for unge utøvarar.
- Gode rammevilkår for idretten i fylket.
- Bli det mest attraktive treningstilbodet for vaksne.

7. Idrett og verdier

«Det finns verdier som kan bli til gull» !



Vi vil at idretten i Sogn og Fjordane sitt preg skal vere:

- alle er velkomne i idrettslaga, lag som speglar mangfaldet og har nulltoleranse for all diskriminering
- idretten sin eigenverdi – **oppleving av glede, meistring og deltaking i fellesskapet** – overstyrer fokuset på prestasjon og resultat i barne- og ungdomsidretten
- Olympiatoppen sine tilrådingar for innretting av barneidrettstilbodet og for utvikling av unge utøvarar, som er kunnskaps- og verdibaserte, blir lagt til grunn i det daglege treningsarbeidet
- alle organisasjonsledd er tydeleg i si haldning mot doping og gjennomfører antidopingprogramma «Rent idrettslag» og «Ren utøver»
- alle idrettslag/særidrettar har prosessar som avklarar og forankrar eige verdigrunnlag breitt i eigne miljø
- organisasjonane lærer av kvarandre og byggjer vidare på idrettslag sine erfaringar m.a. med FAIR PLAY-program
- alle trenarar og leiarar som har oppgåve med barneidrett, skal ha gjennomført e-læringsmodulen «Barneidrettens verdigrunnlag» som minstekrav til kompetanse, Jfr.8.1.

«Hjå oss er trivsel viktigare enn å vinne, og difor får alle spele»

8. Idrettsmål


Kjerneprosessar i idretten er :




Idrettsarbeidet må vere bygd opp rundt desse prosessane for å levere aktivitetstilbod til medlemmane i tråd med føremålet.

No-situasjon

- ✓ Aktivitetstala for **aldersgruppa 6-12 år** har hatt ein årleg vekst frå 2008-2013, men med ei utflating og ein liten nedgang i 2014. Særvidrettane hadde i 2014 15260 aktivitetsmedlemmar i denne aldersgruppa. Barn 6-12 år deltek gjennomsnittleg i 1,5 idrettar. Medlemstalet var på same tidspunkt 9361. Fødselstal i same aldersgruppe tilseier ei deltaking i organisert idrett på nær 100 %.



- ✓ Pr. 31.12.14 er det 57 registrerte idrettsskular i laga med 3443 deltakarar og som syner ein vekst på 4 % frå året før.
- ✓ Aktivitetstala for **ungdomsidretten 13-19 år** syner, samla sett for alle idrettane, ei nedgåande kurve frå 2010 til 2014 med 11 % reduksjon i perioden og ein realnedgang på 6,6 % når vi korrigerer for nedgang i fødselstal for ungdomskullet 13-19 år.



- ✓ Prosjektet «Framtidas i idrett i Sogn og Fj.» er starta opp med stimulerings- og trenarseminar 24.10.15 og det er sett i gang arbeid med «Lokalt utviklingsmiljø» i to kommunar, Flora og Gloppen.

Utviklingstrekk:

- ✓ det er stor og stabil deltakingsprosent i barneidretten (i høve fødselstal)
- ✓ stadig yngre barn deltek i organisert idrett
- ✓ for mange ungdommar forlet det organiserte aktivitetstilbodet i idrettslaga for tidleg

Idrettskrinsen sin rolle

er å bidra til å legge grunnlag for aktivitetsskaping gjennom klubb-, idrettsråds- og kompetanseutvikling i samsvar med idrettsledda sine behov og initiere fellesprosjekt med særiddrettane og andre fagmiljø.

8.1 Barneidrett

Mål:

Idrettslaga har eit ope tilbod for barn som gir høve til eit variert og allsidig aktivitetstilbod i trygge og stimulerande oppvekstmiljø.

«På trening snakkar vi om kor moro det er, ikkje kor gode vi er»

«I vår klubb kan barn leike med idrett. De vel sjølv aktivitet, ute eller inne»

Delmål: (skraverte delmål skal prioriterast 2016-2018)



- alle trenarar og leiarar som har oppgåve med barneidrett, har gjennomført e-læringsmodulen «Barneidrettens verdigrunnlag» som minstekrav til kompetanse
- styret i laget følgjer opp ansvaret for barneidretten med å sikre:
 - samhandling om idrettstilboda på tvers av særgruppene (fleiridrettslag)
 - idrettstilboda blir leia av personar med nødvendig kompetanse
 - alle involverte i barneidrettstilbodet har forståing av idretten sitt verdigrunnlag
 - at idrettslaga har nemnt opp ein ansvarleg for barneidretten (som bør vere medlem i styret for å sikre gode kommunikasjons- og ansvarslinjer)
- særkrinsane/regionane samarbeider på tvers og legg til rette sesong- og konkurransetilboda slik at utøvarane kan vere allsidige
- aktivitetstilboda er lagt til rette for barna med høve til valfridom og utan økonomiske hindringar for foreldre/føresette

- aktivitetstilboda for barn må ha så god fagleg kvalitet at barna og foreldre/føresette vel idrettslaga sine tilbod framfor private treningstilbod
- styret i idrettslaget informerer/skulerer leiarar, trenarar og foreldre/føresette om NIF «Idrettens barnerettigheter. Bestemmelser om barneidrett»
- idrettsskulen er prioritert av alle for å gi barn eit breitt og allsidig rørslegrunnlag og vere ein rekrutteringsarena blant foreldre/føresette inn i idrettsarbeidet i laga

8.2 Ungdomsidrett

Mål:

Idrettslaga og særkrinsane/regionane kjem i møte ungdom som vil ha eit variert og inkluderande idrettstilbod, der dei møte vener, har det kjekt og blir så gode som dei sjølv vil.



Delmål: (skraverte delmål skal prioriterast 2016-2018)

- særiddrettane må i større grad legge vekt på basistrening for å gi eit godt grunnlag for særiddrettsspesifikk trening og særleg for skadeførebygging
- utøvarane er i eit idrettsmiljø prega av utviklings- og meistringorientering i tråd med Olympiatoppen sine tilrådingar for utvikling av unge utøvarar
- prosjektet «Framtidas idrett i Sogn og Fj.» blir ført vidare i perioden med styrking av

felleskompetansen for trenarar og anna støtteapparat, og gjennomføring av modellar for «Lokalt utviklingsmiljø»


- alle ledd legg vekt på å stimulere til ungt leiarskap der ungdom har medansvar i eige idrettsmiljø, blir høyrte og har reell påverknad på eigen idrettskvardag og med organiseringsløysingar som kan vere:
 - styreverv, ungdomsrepresentant
 - ungdomsutval
 - ungdomens idrettsråd
- følgje opp effektane og erfaringar frå det avslutta ungdomsprosjektet 2012-2015 (ungt leiarskap jenter)

- alle organisasjonsledd (idrettskrins, særkrinsar/regionar, idrettsråd og idrettslag) arbeider planmessig for å sikre at fleire ungdomar blir lengre i organisert idrett
- særkrinsane/regionane samarbeider på tvers og legg til rette sesong- og konkurranse-tilboda slik at utøvarane kan vere allsidige
- sikre at ordningane for potensielle toppidrettsutøvarar og for spissa idrettstilbod i vgs. blir vidareført, er kvalitetssikra og har god rekruttering

8.3 Vaksenidrett

Mål:

Idrettslaga og særkrinsane/regionane legg til rette for eit variert og inkluderande idretts- og leiartilbod for vaksne.



«Vi er opptekne av at vaksne har eit idrettsfellesskap»

Delmål: (skraverte delmål skal prioriterast 2016-2018)

- utøvarane er i eit idrettsmiljø prega av utviklings- og meistringsorientering i tråd med Olympiatoppen sine tilrådingar
- idrettslaga og særkrinsane/regionane stimulerer til kompetanseutvikling, læring og samarbeid

8.4 Idrett for menneske med funksjonsnedsetting

Mål:

Fleire menneske med funksjonsnedsetting får informasjon, finn og nyttar eit godt tilrettelagt lokalt aktivitetstilbod.

Delmål: (skraverte delmål skal prioriterast 2016-2018)

- koordinere årlege arenaer der det blir lagt til rette for informasjon om og utprøving av idrettar og aktivitetshjelpemidlar i samarbeid mellom idrettskrinsen, sk-ar, NAV, hjelpemiddelsentralar, fysio- og ergoterapeutar, fagpersonar i kommune og fylkeskommune og skular som har spesial/forsterka klassar
- hjelpe og følgje opp enkeltutøvarar som har levert deltakarkort/kontaktskjema på rekrutteringsarenaer og følgje opp enkeltpersonar som har vore på opphald på Beitostølen Helsesportssenter
- kompetanseheving og utvikling av tilbod i idrettslaga ved å gjennomføre årlege kurs i samarbeid mellom idrettskrinsen, NIF og aktuelle særiddrettar
- styrke eksisterande miljø og starte opp nye tilbod i idrettslag i samarbeid med SF/særiddrettar og relevante personar i kommune, skule, førstelinje, NAV m.fl.



8.5 Inkludering

Mål:

Deltakinga i idrettslaga sine aktivitetstilbod skal spegle mangfaldet i samfunnet.

Delmål:

- idrettslaga inviterer aktivt innflyttarar til sine aktivitetstilbod og sitt fellesskap
- idrettslaga praktiserer nulltoleranse for diskriminering og trakassering uansett kjønn, livssyn, seksuell orientering og funksjonshemming
- idretten i fylket arbeider for å rekruttere fleire medlemmar med minoritetsbakgrunn til idrettslaga som utøvarar, trenarar og leiarar

9. Organisasjonsmål

No-situasjon

- ✓ Medlemstallet i dei 189 idrettslaga var pr. 31.12.14 42919 medlemmar som tilsvarar omlag 40 % av innbyggjarane i Sogn og Fjordane.
- ✓ Pr. 31.12.14 var det 45809 personar som var aktive i ein eller fleire særiddrettar i fylket.
- ✓ Det blir dagleg lagt ned ein svært stor frivillig innsats i idrettsorganisasjonane som kan årleg målast til om lag 700 årsverk.
- ✓ Den store frivillig innsatsen i alle ledd gir verdiskaping, er samfunnsbyggjande, skapar fellesskap, gir kompetanse og aukar samfunnet sin sosiale kapital.
- ✓ Pr. 31.12.15 var det 16 idrettsråd i fylket (i dei 10 andre kommunane, med få lag, tek det største idrettslaget i vare idrettsrådsfunksjonen).
- ✓ Det er igangsett «Forum for kompetanseutvikling for idretten i Sogn og Fj.» i tilknytning til prosjektet «Framtidas idrett i Sogn og Fj.».
- ✓ Krisehandteringsplan i idrettslaga er utvikla i samarbeid med fylkesmannen.

Utviklingstrekk:

- ✓ medlemstal og aktivitetstal har i perioden 2012-2014 gått ned med høvesvis 2 % og 1,8 %

Idrettskrinsen sin rolle

er å støtte opp om og samhandle med idrettslag, idrettsråd og særiddrettar gjennom dialog, felles kompetansetiltak, rettleiingstenester, informasjons- og påvirkningstiltak, og på utfordringar innan drift og utvikling av organisasjonen.

9.1 Idrettslaga – idrettsråda – særkrinsane/regionane – den frivillige innsatsen

Mål:

Idrettslaga er godt rusta til å møte framtida der idrettsråd, særkrinsar/regionar og idrettskrinsen utgjer gode støttefunksjonar for lokalidretten, og det frivillige arbeidet i idretten er halde ved lag og styrka.

Delmål: (skraverte delmål skal prioriterast 2016-2018)

- idrettskrinsen, særkrinsane/regionane og idrettsråda arbeider for å gjere den administrative kvardagen enklare for idrettslaga
- idrettslaga har korrekte medlemsregistre og gode rutinar for ansvarleg økonomistyring:
 - har sett i drift elektronisk medlemsregister
 - er kjent med og følgjer opp idretten sitt lovverk for m.a. økonomiforvaltning
- alle idrettsråd har forhandla fram samarbeidsavtale med kommunen

- det blir arrangert årlege fellessamlingar for styra i idrettsråda
- det blir arrangert årlege idrettskonferansar på fylkesnivå for å motivere og oppdatere leiargar og trenarar på tverridrettslege tema

- idrettskrinsen og særkrinsane legg i perioden særleg vekt å stimulere det frivillige arbeidet i idrettslaga t.d. gjennom lagsbesøk og på andre møtearenaer med lag og særgrupper
- idrettsledda arbeider planmessig for å gjere det meir attraktivt å ta oppgåver og styreverv
- alle kommunar, der tal idrettslag gir grunnlag for det, skal ha eit velfungerande idrettsråd med eit godt og funksjonelt styre
- idrettsråda arbeider aktivt opp mot kommunen for å styrke rammevilkåra for lokalidretten

9.2 Kompetanseutvikling

Mål:

Medlemsorganisasjonane har ein framtidsretta og ansvarleg organisasjon med kvalitativt gode idrettstilbod sikra gjennom eit planmessig utdannings- og utviklingsarbeid.

Delmål: (skraverte delmål skal prioriterast 2016-2018)

- idrettslaga sine aktivitetstilbod er kunnskaps- og verdibaserte:
 - idrettslaga arbeider for at alle treningstilbod leiast av personar med nødvendig kompetanse i høve oppgåvene dei skal utføre, og forståing for idretten sitt verdigrunnlag
 - særiddrettar og idrettslag set minstekrav til trenar- og leiarkompetanse
 - «Forum for kompetanseutvikling» blir følgd opp
 - to årlege samlingar med tverridrettsleg og tverrfagleg forum for trenarar, som primært arbeider med aldersgruppa 13-16 år, blir gjennomført
-
- idrettskrinsen skulerer idrettsråda i godt organisasjonsarbeid og strategisk arbeid for å sikre lokalidretten gode rammevilkår i kommunane, og større kommunale investeringar i anlegg
 - klubb utvikling med tilbod om lagsbesøk, planprosessar og styrekurs er prioritert i alle ledd
 - idrettskrinsen er fagleg støttespelar for organisasjonsledda på spesialområde

10. Rammevilkår

No-situasjon

- ✓ Sogn og Fjordane idrettskrins si basisfinansiering avheng av tilskot frå fylkeskommunen og Norges idrettsforbund (NIF). Manglande kompensasjon for løns- og prisstigning over tid er utfordrande for å finansiere stillingane i idrettskrinsen.
- ✓ Styre og administrasjon i idrettskrinsen har følgd opp arbeidet med å styrke rammevilkåra for idretten i fylket ved møte med politikarar og administrasjon i fylkeskommunen; fylkesting, kulturutval og fylkesdirektørane for kultur og opplæring.
- ✓ Idrettskrinsen har følgd opp arbeide med sikring i idrettshallar i samarbeid med KS og fylkesrådmann.
- ✓ Både godkjent søknadssum og tildelte spelemidlar til anlegg har auka i perioden:
 - godkjent søknadssum: 2013: 137,21 mill. kr. 2015: 155,101 mill. kr.
 - tildelt: 2013: 29,994 mill. kr. 2015: 37,867 mill. kr.(tildelingsprosenten gjekk opp til 24 % og etterslepet er no redusert til i overkant av tre år)
- ✓ Auke i tildelinga frå økonomiske ordningar for idrettslaga frå 2013 til 2015 er:
 - Lokale aktivitetsmidlar: 75,4 % (frå 3,86 mill. til 6,77 mill. kr.)
 - Momskompensasjon, varer og tenester og anlegg: 76 % (frå 6,27 til 11,06 mill. kr.)
 - Grasrotandelen: 4,7 % (frå 4,55 mill. til 4,76 mill. kr.)

Idrettskrinsen sin rolle

er å vere ein sentral aktør og nettverksbygger på vegne av ein samla idrett i Sogn og Fjordane.

10.1 Idrettsanlegg

Mål:

Idretten i Sogn og Fjordane er samordna på anleggsutvikling og legg til rette for å ta i vare mangfaldet av idrettstilbod i fylket.

Delmål:

- sikre ei god, samordna planlegging av nye anlegg og samarbeid om kombinert bruk av anlegga
- ha fokus på drift, vedlikehald og god utnyttingsgrad av eksisterande idrettsanlegg
- arbeide for at aktuelle offentlege midlar til sysselsettingstiltak kan nyttast ved utbygging av idrettsanlegg i fylket
- sikre god involvering og deltaking frå idretten i kommunale planprosessar og oppfølging av «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019»
- idrettskrinsstyret opprettar anleggsutval for å styrke utvikling og samhandling på anleggssida



10.2 Finansiering

Mål:

Idretten i Sogn og Fjordane har gode og påreklelege rammevilkår for organisasjons- og aktivitetsutvikling.

Delmål:

- arbeide med å sikre større årlege fylkeskommunale løyvingar til drift og aktivitet
- arbeide for å sikre nødvendig basisfinansiering av idrettskrinsen si drift frå Norges idrettsforbund
- idrettskrinsen vidarefører arbeidet med å styrke basisøkonomien i idretten
- arbeide for gratis tilgang til offentlege anlegg for barn og ungdom opp til 19 år

10.3 Politisk påverknad

Mål:

Idrettsorganisasjonane i fylket opptre samla og brukar organisasjonen si politiske tyngde for styrke idretten sine økonomiske rammevilkår.

Delmål:

- idrettsorganisasjonane står fram kompetent, truverdig og uavhengig i sitt møte med politikarar og offentlege styresmakter
- synleggjere og dokumentere idretten sin eigenverdi, samfunnsverdi og nytteverdi som aktør i førebyggjande helsearbeid
- idretten er aktiv på ulike politiske arenaer som t.d. møte med dei politiske partia og politikardagar på fylkestinget

11. Idrett – samfunn – samhandling

No-situasjon

- ✓ Idrettskrinsen har i perioden hatt tett samarbeid med fylkeskommunen, både med kulturavdelinga og avdelinga for opplæring og på politisk nivå, fylkeskommunale utval og parti/partipolitikarar, og teke opp saker med stortingspolitikarane frå fylket.
- ✓ Prosessen med å lage utviklingsavtale mellom idrettskrinsen og fylkeskommunen som prøveprosjekt er fullført i 2015.
- ✓ Det er gjennomført kompetansetiltak i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF).
- ✓ Kulturetaten i fylkeskommunen, HiSF og Olympiatoppen Vest er representert i «Forum for kompetanseutvikling for idretten i Sogn og Fj.».
- ✓ Idretten sitt viktigaste bidrag til folkehelsearbeidet og til samfunnet er den daglege idrettsaktiviteten i idrettslaga.
- ✓ Laga legg i stor grad til rette for eigenorganisert aktivitet i sine ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, t.d. dagpreparerte langrennsløyper og alpinbakkar, kunstgrasflater, ballbingar, sandvolleybaner, turstiar og turorientering med tilbod til folk flest.

Idrettskrinsen sin rolle

er å vere ein sentral aktør og nettverksbygger på vegne av ein samla idrett i Sogn og Fjordane, dele kompetanse og bidra som samarbeidspart i ulike prosjekt og tiltak, under dette òg inkludere «våre nye landsmenn».

11.1 Idretten sitt samfunnsbidrag

Mål:

Idretten i fylket er ein aktiv samfunnsaktør som deltek med sin kompetanse og er samarbeidspart med andre organisasjonar, offentlege instansar, arbeidsliv og friluftsliv.

Delmål:

- arbeide for at Stortinget må vedta at alle elevar skal ha ein time fysisk aktivitet om dagen lagt til rette eller leia av kompetent personell
- arbeide for at det offentlege tek ansvar for at alle barn kan symje før dei er 10 år
- arbeide for at det offentlege tek ansvar for at alle barn får opplæring i bruk av kart og kompass
- idretten i Sogn og Fjordane er ein samfunnsaktør som tek omsyn til natur, klima og miljø
- idrettsorganisasjonane arbeider aktivt for å sikre trafikktryggleiken for alle under reiser og utøving av idrettsaktivitet

Idrett og folkehelse:

- idretten i fylket må oppnå aksept for sin kompetanse og dagleg tilretteleggar av fysisk aktivitet for helse og trivsel
- god oppslutnad om låg-terskel fysisk aktivitet i lokalmiljøa
 - fokus på breiddetiltak og låg-terskeltilbod i idrettslaga og samarbeid på tvers i lokalmiljøet for å nå flest mogleg i målgruppa
 - idrettslaga arbeider for å legge til rette både organisert og eigenorganisert aktivitet for vaksne
 - samarbeidstiltak mellom idrettslag og kommunar etter ønskje og der offentlege ressursar blir stilt til rådvelde for idrettslaget som aktør

11.2 Samhandling med Sogn og Fj. fylkeskommune

Mål:

Gode samarbeidsrelasjonar mellom idretten og fylkeskommunen og kontinuitet i samhandlinga om tiltak med felles mål og felles målgrupper.

Delmål:

- følge opp og oppdatere utviklingsavtale mellom idrettskrinsen og fylkeskommunen
- følge opp handlingsprogram og forpliktande mål for idrettsorganisasjonane i:
 - Regional plan for folkehelse 2015-2025
 - Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- sikre ordningane for potensielle toppidrettsutøvarar og for spissa idrettstilbod i vgs. som varige tilbod

11.3 Idrettsfaglege samhandlingspartar - Høgskulen i Sogn og Fj. og Olympiatoppen Vest

Mål:

Faste samhandlingsstrukturar med Høgskulen i Sogn og Fj. og Olympiatoppen Vest som sikrar kontinuitet i arbeidet med å tilføre det beste av idrettsfagleg kompetanse til idrettsmiljø i fylket.

Delmål:

- eit vidareført samarbeid om kompetansetiltak i prosjektet «Framtidas idrett i Sogn og Fj.» med vekt på kunnskap og utvikling av unge utøvarar:
 - fleire med lenger oppover i utviklingstrappa
 - sterke kompetansemiljø med kontinuitet i tiltak
 - fleire gode lokale utviklingsmiljø for unge utøvarar og trenarar/anna støtteapparat
- ytt kunnskaps- og utviklingsstøtte regionalt og lokalt ut frå laga/særidrettane sine behov for tilgang på tverridrettsleg spisskompetanse

11.4 Tverridrettsleg samhandling på regional og lokalt nivå

Mål:

Idretten i fylket er kjenneteikna av fagleg og organisatorisk samarbeid og erfaringsutveksling på alle nivå i samsvar med den norske idrettsmodellen.

Delmål:

- leiarar, trenarar og utøvarar deltek på møteplassar for tverridrettsleg og tverrfagleg kunnskapsutvikling og erfaringsformidling som blir lagt til rette for særiddrettane og idrettslaga i samsvar med Olympiatoppen sin filosofi
- særiddrettane samhandlar på tvers både på fylkes- og lokalt nivå (fleiridrettslag) for å legge til rette trenings-, sesong- og konkurransetilboda slik at utøvarane kan ha valfridom og vere allsidige
- modellar for «Lokalt utviklingsmiljø» på tvers av laga/særiddrettane i kommunen blir arbeid vidare med som ein del av prosjektet «Framtidas idrett i Sogn og Fj.»



Foto: Cathrine Dokken

LANGTIDSBUDSJETT 2016-2020
SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

	LTB 2016	LTB 2017	LTB 2018	LTB 2019	LTB 2020
INNTEKTER					
Fylkeskommunen tilskot	1 250 000	1 500 000	1 750 000	2 000 000	2 000 000
NIF - rammetilskot	1 485 000	1 529 000	1 574 000	1 621 000	1 669 000
Utdanning, klubb utvikling, prosjekt	1 211 000	1 247 000	1 284 000	1 322 000	1 361 000
Andre inntekter, sal av tenester med meir	523 000	538 000	554 000	570 000	587 000
Sum inntekter	4 469 000	4 814 000	5 162 000	5 513 000	5 617 000
UTGIFTER					
Personal og andre adm.kostnader	2 756 700	2 839 000	2 924 000	3 011 000	3 101 000
Utdanning, klubb utvikling, prosjekt	773 500	883 000	996 000	1 110 000	1 124 000
Tilskot og indir.kostn.	1 016 500	1 167 000	1 317 000	1 467 000	1 467 000
Sum driftskostnader	4 546 700	4 889 000	5 237 000	5 588 000	5 692 000
Driftsresultat	-77 700	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000
Sum Finansinnt. / kostn.	77 700	75 000	75 000	75 000	75 000
Årsresultat	0	0	0	0	0